

Merknadene til tildelingsforskriften § 12 blir etter dette seende slik ut:

"Kravene i denne bestemmelsen kommer **i tillegg** til kravene i § 5. Bakgrunnen for særkravene er måten tildelingen av tillatelsene i denne gruppa skal skje på – gjennom budrunde.

Det går fram av annet ledd at bodet skal leverast i ein lukka konvolutt, lagt i konvolutten med søknaden. Det inneber for eksempel at søknaden ikkje kan leverast med faks eller sendast elektronisk. Søknaden kan imidlertid bli levert ved personleg oppmøte, med bud eller med post.

Ved personleg oppmøte leverast søknaden til Fiskeridirektoratet i Bergen:

**Strandgaten 229  
5004 Bergen**

Det er ikkje mogeleg å levere søknaden hos regionkontora til Fiskeridirektoratet.

Departementet tilrår at søknaden, dersom den vert sendt med Posten, i det minste vert sendt rekommandert, slik at det er klart om fristen for å søkje er overhalden. Konvolutten med bodet vil, under vurderinga av om kriteria for prekvalifisering er oppfylt, bli lagt til side, og vil først verte opna når det er klart kven som er prekvalifisert.

Søknaden skal i tillegg til kravene som vert stilt i § 5 innehalde ugjenkalleleg bod utan etterhald i norske kroner og dokumentasjon på betalingsevne. Dokumentasjonen på betalingsevne skal dekke beløpet som fremgår av budet. Dokumentasjon på at vederlaget kan betalast kan for eksempel vere bindande stadfesting frå finansieringsinstitusjon, eventuelt som lånetilsegn på det aktuelle beløpet. "